

## SAK 09/15 SØKNAD OM TILSKOT, TOUR OF NORWAY 2015

### Saksopplysing

Cycling Event Norway søker Regionrådet for Hallingdal om kr. 150.000 i støtte i samband med at Tour of Norway 2015 kjem innom Hallingdal (23. og 24. mai):

- 4.etappe: Rjukan – Geilo
- 5.etappe: Flå – Eggemoen/Ringerike

Tour of Norway er det største sykkelrittet i Norge og er eit stort idrettsarrangement.

Det er inngått avtale med TV2 som sikrar tre timars direkte sending frå alle etappar på hovudkanalen. Det skal produserast bilde frå start og målområda og frå løypene. I samarbeid med produksjonsselskapet skal det leggjast til rette for visning av lokale severdigheitar og andre aktuelle saker som det kan vera interessant på presentere under sendingane.

Det er også inngått avtale om internasjonal kringkasting gjennom Eurosport.

Kostnadsbudsjettet for rittet er 12. mill. kroner som skal dekkast gjennom sponsorinntekter og tilskot frå kommunar ,fylkeskommunar og næringsliv.

Det er budsjettert med kr. 1.000.000 i lokale/regionale inntekter for kvar etappe.

Som motyting vil det bli lagt til rette for ein folkefest i Hallingdal med direkte sendt TV, og regionen vil bli presentert gjennom TV-sendingane i inn og utland, samstundes som lokale næringsaktørar kan få profilering m.a. på arenaen.

Hol kommune har løyvd kr. 250.000, næringslivet i Flå har løyvd kr. 200.000 og Nore og Uvdal kommune har avslått søknad.

### Vurdering

Regionrådet for Hallingdal har hatt som prinsipp å ikkje gje støtte til årlege kultur - og idrettsarrangement. Tour of Norway er utan tvil eit stort idrettsarrangement med brei tv-dekning, og sykkelsporten har stor interesse både nasjonalt og internasjonalt.

Etter dagleg leiar sitt syn er spørsmålet i denne samanheng om Tour of Norway vil gje Hallingdal noko ekstra forutan innslag frå Hol/Geilo og Flå og det som vil vera naturleg dekning i t.d. eit målområde i tillegg til m.a. overnatting.

Det er grunn til å tru at det vil vera i svært avgrensa omfang, i forhold til om ei etappe hadde gjenge gjennom Hallingdal.

### Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Cycling Event Norway om kr. 150.000 i støtte i samband med Tour of Norway 2015.

Ål 27.2.2015

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad frå Cycling Event Norway



Regionrådet for Hallingdal  
Torpomoen  
3579 TORPO

Høvik, 11. Desember 2014

### **Tour of Norway 2015 – internasjonalt etapperitt på sykkel**

Tour of Norway er Norges største sykkelritt, og et av landets største idrettsarrangement. Rittet har siden oppstarten vært en stor suksess med folkefest langs løypene og i start og målområdene. Vi er på vei til å få vårt eget ”Tour de France” i Norge.

Bakgrunnen for henvendelsen til Regionsrådet for Hallingdal er at fjerde og femte etappe av rittet er lagt til Hallingdal i 2015.

4.etappe: Rjukan – Geilo

5.etappe: Flå – Eggemoen/Ringerike

Rittet vil tiltrekke seg mange av de internasjonale stjernene, og det er bekreftet at Edvald Boasson Hagen og Alexander Kristoff kommer med sine lag.


Totalt har vi invitert 120 ryttere (20 lag à 6 ryttere), og forventer at ryttere fra 14-15 nasjoner vil delta. Lag fra bl.a. Italia, Frankrike, Holland, Belgia, Tyskland, England, USA, Australia, Danmark og Sverige vil trolig delta. Norge vil delta med de beste kontinentallagene.

Også for neste år har vi inngått en avtale med TV2 som sikrer tre timers direkte sending fra alle etapper på hovedkanalen. Det blir produsert bilder fra start og målområdene og fra løypene. I samarbeid med produksjonsselskapet legger vi til rette for visning av lokale severdigheter og andre aktuelle saker som det er interessant på presentere under sendingene. Det er også inngått avtale om internasjonal kringkasting gjennom Eurosport. Denne avtalen gir rittet sendeflate i hele 47 land i Europa, og 17 land i Asia/Oseania. Mange millioner TV-seere har fulgt rittet både gjennom TV2 og Eurosport de to siste årene.

Det å gjennomføre et slikt arrangement er en betydelig utfordring som krever store ressurser. Vi knytter til oss lokale krefter (klubber og foreninger o.a.) som bistår arrangøren med lokal forankring og arbeidskraft. Alt i alt vil arrangementet ha ca. 800 frivillige funksjonærer.

Kostnadsbudsjettet for rittet er kr. 12.000.000 og beløpet dekkes gjennom sponsorinntekter og tilskudd fra kommuner og fylkeskommuner.





Vi har budsjettet med kr. 1.000.000 i lokale/regionale inntekter for hver etappe. Dette omfatter kommunale tilskudd, fylkeskommunale tilskudd, regionale tilskudd, lokalt og regionalt næringsliv og andre aktører.

I denne sammenheng tillater vi oss å søke Regionsrådet for Hallingdal om et bidrag på kr. 150.000,-.

Som motytelse vil vi legge til rette for en flott folkefest i Hallingdal med direkte sendt TV, og regionen vil bli presentert gjennom TV-sendingene i inn og utland, samtidig som lokale næringsaktører kan få profilering på arenaen og rittets avis.

Vi ser fram til en flott sykkelfest i Hallingdal 23. og 24. mai neste år!

Med vennlig hilsen

A handwritten signature in blue ink that reads "Anders Eia Linnestad".

Anders Eia Linnestad  
Cycling Event Norway AS

